

ÅRSPLAN SFO BØ SKULE

Skuleåret 2022-2023



1 Forord. Skildring av SFO- tilbudet.

- Gjeldande regelverk
- Tal på barn og vaksne
- Fysiske miljø/ rammer for tilbudet.

2 Målsetjing og implementering av rammeplan

- 2.1. Overordna mål om verdigrunnlaget til SFO.
- 2.2. Eigenverdien i barndommen.
- 2.3. Tryggleik, omsorg og trivsel.
- 2.4. Mangfald og inkludering.
- 2.5. Skaparglede, engasjement og utforskartrong.
- 2.6. Demokrati og fellesskap.
- 2.7. Berekraftig utvikling.

3 Satsingsområde og metodar.

- 3.1 Overordna om innhaldet i SFO
- 3.2 Leik
- 3.3 Kultur
- 3.4 Fysisk aktivitet og bevegelsesglede
- 3.5 Mat og måltidsglede.

4 Ei inkluderande skulefritidsordning.

5 Samarbeid i Skulefritidsordninga.

- 5.1 Overordna samarbeid
- 5.2 Overgang frå barnehage til skule og SFO.

6 Praktisk informasjon.

- Ansatte
- Kontaktinformasjon
- Rutiner
- Søkje/endre plass
- Informasjonsutveksling SFO-heim
- Kva treng barna på SFO?
- Anna.
- V.

7 Planer

- Dagsplan/dagsrytme
- Årshjul.

1. Beskrivelse av SFO-tilbudet.

○ Gjeldande regelverk.

Årsplanen har to funksjonar, den skal vere eit informasjonshefte til føresette og eit verktøy for tilsette til å arbeide i kvardagen på SFO. Det er derfor viktig at denne årsplanen seier noko

om innhald og arbeidsmetodar.

Midt-Telemark kommune har SFO tilbud ved alle 3 barneskulane. Tilboda varierer i storleik og form.

Det er stor forskjell på korleis eit SFO tilbud med 130 barn og eit med 30 barn blir driven. Vi må likevel sikre oss at alle barna som går på SFO får eit likeverdig tilbud.

Skulefritidsordninga (SFO) regulerast av opplæringslova §13-7 og §9a.

Opplæringslova § 13-7 skulefritidsordninga

Denne paragrafen pålegg kommunen å ha tilbud om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn ved alle skuler.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal være eigna til formålet.

Opplæringslova §9a Elevane sitt skulemiljø.

Paragrafen omhandla både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet til elevane. Krava til skulemiljøet gjeld også for skulefritidsordninga.

I §9a - 1 heter det:

«Alle elever i grunnskulen og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som

fremja helse, trivsel og læring.» Videre spesifiserer opplæringslova krav til det psykososiale arbeidsmiljøet, systematisk arbeid for å fremje helse, miljø og sikkerheit til elevane (internkontroll), samt elevdeltaking, informasjonsplikt og uttalerett i saker som har vesentleg

betydning for skulemiljøet.

- *Tal på barn og vaksne ved SFO Bø Skule skuleåret 2021-2022.*

60 barn frå 1.trinn. 38 barn frå 2.trinn. 31 barn frå 3.trinn. 13 barn frå 4-7.trinn

Bemanning pr. 01.08.2022

Grunnbemanninga i skulefritidsordninga må justerast etter talet på barn og opningstid.

Rettleiande norm seier 15 barn pr. 1 vaksen.

- *Fysiske miljø/ rammer for tilbodet*

SFO-lokala til Bø Skule ligg i området til 1.-4.klasse, og består av 2 opphaldsrom med kjøkken og eit grupperom som fungerer som Basar. SFO har også tilgang til klasserom og andre spesialrom på skulen.

Utearealet er det same som for barneskuleelevane i skulegården. Vi har også tilgang til gymsal og opparbeidet uteskuleområde i skogen. Benytter oss ellers av uteareal i nærområdet.

2 Målsetjing.

2.1. Overordna om verdigrunnlaget til SFO.

SFO skal byggje praksisen sin på grunnleggjande verdiar som er felles i formålsparagrafen til barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmetodane.

2.2. Eigenverdien til barndommen.

Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje behovet barna har for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit til meningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnet sitt beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn. Barn har rett til å uttale seg om forhold som gjeld dei, og synspunkta til barnet skal vektleggjast i samsvar med alder og modenskap. SFO skal bidra til barna si meistring og oppleving av eigenverd.

- *Korleis får vi til dette?*

På SFO- en vår sett vi foreldresamarbeid høgt og alle foreldre kan ta kontakt med SFO- leiar når dei ønskjer. Vi prøver så langt det lar seg gjere å oppfylle behov som barna har. På SFO

sett vi opp aktivitetar barna kan velje mellom, barna får sjølv bestemme kva aktivitet dei skal

være med på. Aktivitetar som for eksempel tur, kan ikkje barna velje vekk utan at det er fysiske grunnar for dette. Vi jobbar for barna si medverknad samtidig som vi har fastsette aktivitetar alle skal være med på. Om eit barn ønsker å kvile seg med ei bok, teikning eller fargelegging, legg vi til rette for dette. God kommunikasjon med barna vil være avgjerande for at barna skal føle seg sett og høyrte.

2.3. Tryggleik, omsorg og trivsel.

SFO skal ta vare på og møte behovet som barna har for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyre og anerkjening. Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati. I SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for

andre. Barn skal både få omsorg og gjevast moglegheit for å gi omsorg.

SFO skal fremje den fysiske og psykiske helsa til barna og bidra til at dei opplever glede og meistring. SFO skal støtte utviklinga av trygge og gode relasjonar barna i mellom, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra til barna. SFO skal fremje inkludering og bidra til at alle barna har moglegheit til å utvikle vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjend med egne og andre sine kjensler. Barna

skal ha moglegheit til både aktivitet og kvile i løpet av tida dei er i SFO.

○ Korleis får vi til dette?

Ved å være tett på barna og ha same barnegrupper over tid, lærer dei tilsette barna å kjenne

og barna føler seg trygge på den vaksne. På SFO deler vi kvart år inn i faste barnegrupper 1. og 2., og 3/4.klasse. Barna vil bli trygge på gruppa si og dei vaksne som er i gruppa. Det er ulikt frå år til år korleis gruppene blir lagt opp. Vi fastsett gruppene i august når vi ser samansetninga av barnegruppa. Ved å være tett på barna ser vi dei ulike behova samtidig som vi kan støtte, oppmuntre og gi den omsorga barnet treng. Fysisk fostring er viktig for barn; både fysisk og psykisk. Barna opplever meistring, samhold, tilhøyre og vennskap.

Gjennom ei veke på SFO legg vi til rette for mykje inne og utetid, tur dagar og gymsalaktivitetar. På denne måten vil vi legge til rette for at barn får utfolde seg fysisk, det vil også

påverka den psykiske helsa til barnet.

2.4. Mangfald og inkludering.

Respekt, ulikskap og anerkjening av mangfaldet skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne dei ulike føresetnadane, perspektiva og erfaringane til barna, kan SFO bidra til at barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og til eigen og andre sin kultur og erfaringsbakgrunn. SFO skal leggje til rette for at samiske barn kan ta vare på og utvikle språket og kulturen sin.

SFO skal innrettast slik at alle barn får gode utviklingsvilkår, uavhengig av barna sine føresetnader og behov for tilrettelegging, og bidra til at alle barn er ein del av eit inkluderande fellesskap.

- *Korleis får vi til dette?*

Gjennom samtalar, barnesamtaler, med barna legg vi til rette for ulikskapar og mangfald. Barn med

utfordringar blir anerkjent for den dei er og det dei treng. Andre barn på gruppa blir rettleia om dei har spørsmål dei lurar på. Alle barn er ulike på kvar sin måte og vi lærer alle barn at vi

skal respektere og anerkjenne alle.

2.5. Skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Ved å ta utgangspunkt i skaparglede, engasjement og utforskartrøngen til barna skal SFO gje ei god ramme for heilskapleg utvikling og læring. Læring i SFO går først og fremst føre seg gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med personalet i SFO. SFO skal anerkjenne at å leike er ein typisk veremåte blant barn, og at leiken har ein eigenverdi. SFO skal prioritere tid og rom for leik.

SFO skal støtte barna i naturleg nysgjerrigheit og lyst til å skape og vere kreative, engasjerte og utforskande. Innhaldet, arbeidsformer og det fysiske miljøet i SFO skal støtte opp under barna si lyst til å leike, skape, utforske og meistre.

- *Korleis får vi til dette?*

På vår SFO har vi varierte aktivitetar gjennom veka. Noko er sjølvvalt, men aktivitetar som til dømes turdag er aktivitetar som vi ønsker alle skal være med på. Vi sett barns medverknad høgt i alle formar for leik. Vi sett av mykje tid til både inneleik og uteleik der vaksne er til stades og støttar barna i det dei treng.

2.6. Demokrati og fellesskap.

SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og byggje verksemda si

på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av eit likestilt samfunn der alle har moglegheit til å bli sett og høyrte.

Barna skal oppmuntrast til deltaking i fellesskapet. Barna skal få støtte til å inkludere andre sine perspektiv, handtere meiningsbrytningar og respektere usemje og finne felles løysingar. Gjennom å delta i fellesskapet får barna øve på å tilpasse seg andre, men også setje egne grenser og uttrykkje egne behov.

Barn har rett til medverknad tilpassa deira alder og føresetnader, inkludert i arbeidet for eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø.

- *Korleis får vi til dette?*

Vi jobbar med dette kontinuerleg med samtalar saman med barna og «her og no» situasjonar. Alle barn skal føle at vi vaksne høyrer på kva dei seier, samtidig må barna lære seg at dei ikkje alltid får det slik dei ønskjer. I val i ei gruppe får fleirtalet bestemme – demokratiet.

2.7. Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremjar ei berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

SFO skal oppmuntre barn til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta gjennomtenkte val.

- *Korleis får vi til dette?*

Vi legg alltid vekt på at vi skal rydde opp etter oss når vi er ute og på tur. Inne kjeldesorterer vi matavfall, restavfall, plast og papir. Vi prøver å lære barna verdien av å utnytte alt materiale, og hiv ikkje noko som kan brukast.

3) Satsingsområde.

3.1 Overordna om innhaldet.

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulike alder og med ulikt funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggje til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke i SFO.

SFO skal ha eit helsefremjande innhald. Dette krev og eit areal som passar både alderen og føresetnadene i barnegruppa. SFO bør leggje til rette for aktivitetar både utandørs og innandørs. SFO skal bidra til den psykiske helsa til barna gjennom å støtte opplevingane deira av livsglede, meistring og eigenverd og utvikling deira av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet. Innhaldet i SFO skal støtte opp under at alle barn har moglegheit til å utvikle vennskap.

Når digitale resursar blir brukte i SFO, må det skje på ein formålstenleg og forsvarleg måte og

slik at det kan stimulere barn til utforskande, kreativ og skapande samhandling. Det er SFO sitt ansvar å vareta tryggleiken til barna på nett og at reglar for personvern blir følgde ved bruk av digitale resursar.

Aktivitetane i SFO skal tilpassast kvar enkelt barnegruppe. SFO skal ta vare på interessene til barna og introduser nye aktivitetar. I tillegg til sjølv å leggje til rette for aktivitetar kan SFO samarbeide med kulturskule, lokale idrettslag og USN for å gjennomføre og organisere innhaldet og aktivitetane. I planlegginga av innhaldet skal SFO vere bevist på at aktivitetar og kan verke ekskluderande på enkeltbarn eller grupper, til dømes på grunn av behov for særskild tilrettelegging og språklege eller kulturelle bakgrunn. SFO skal

vurdere korleis det heilskaplege tilbodet i SFO skal tilpassast for å vere mest mogleg inkluderande.

SFO kan tilby tilrettelagte aktivitetar som støttar opp under innhaldet i skulen. Tilnærminga i SFO skal likevel vere ei anna enn i skulen, slik at det blir lagt særleg vekt på Frileik og anna barnestyrt aktivitetar.

3.2 Leik

Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal leggje til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Aktiviteten i SFO skal ha eit tydeleg barneperspektiv. SFO bør legge til rette for at personalet kan diskutere og reflektere over kva leik inneber, og korleis ein som ansvarleg tilretteleggjar opptre i møte med leikande barn.

SFO skal leggje til rette for og inspirere til eit godt leikemiljø for alle barn. SFO skal leggje til rette for at barn med behov for særskild tilrettelegging blir inkludert i leik og tilrettelagd aktivitet.

- *Korleis får vi til dette?*

Vi legg opp til variert leik gjennom året. Dei vaksne er tett på for å fange opp det som skjer.

Den frie leiken er sentral på SFO, da dette er eit fritidstilbod. Barna skal trivast på SFO og dei skal halde på med lystbetonte aktivitetar saman med andre barn. Leik fremjar barnet si utvikling, og forskning viser at barn lærer betre om dei har tilgang til leiker.

3.3 Kultur

Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gje støtte til at barna får skape sine eigne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykke seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa blir representert. SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur.

- *Korleis får vi til dette?*

SFO har godt samarbeid med kulturskulen, Musikk&Bilde. Dette er eit betalingstilbod som foreldre melder dei på. Vi legg også opp til formingsaktivitetar gjennom veka som barna kan velje å vere ein del av.

Barna blir kjent med ulike materialar, får lære ulike teknikkar og ferdigheter. Det er viktig at barn får uttrykke seg gjennom skapande aktivitetar.

3.4 Fysisk aktivitet og bevegelsesglede

SFO skal være ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje barna si bevegelsesglede og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal leggje til rette for at alle barn får delta i variert leik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør leggje til rette for aktivitetsformer som kan bidra til bevegelsesglede, og som oppstår i leik saman med andre barn. Fysisk aktivitet kan og takast vare på gjennom organiserte aktivitetar. I tilrettelegging og organisering av aktivitetane skal leik og medverknad leggast stor vekt på.

Det fysiske miljøet og utstyret skal vere utforma og tilrettelagt med tanke på alderen, funksjonsnivået og interessene til barna, slik at det fremjar fysisk aktiv leik.

SFO bør leggje til rette for at barna kan vere utandørs ein del av tida dei er i SFO kvar dag.

SFO kan vurdere korleis områder i lokalmiljøet kan brukast i leik, utforsking og fysisk aktivitet.

- *Korleis får vi til dette?*

Vår SFO sett bevegelsesglede høgt og brukar derfor mykje tid ute på skuleplassen, skogen, gymsal og idrettanlegg der vi legg til rette for ulike typar

Bevegelsesleik. For å fremme aktivitetslyst legg vi vekt på at barna

får vere med på å bestemme. Dei kan i nokon tilfelle få bestemme for eksempel kvar turen skal gå eller kvar vi skal gjere på tur. Eit anna eksempel er at dei får velje kva aktivitet vi skal ha i gymsalen.

3.5 Mat og måltidsglede

SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Måltidet kan være matpakke eller mat servert av SFO. Når mat blir servert i

SFO, bør SFO legge vekt på eit helsefremjande kosthald og byggje på kostråd frå Helsedirektoratet, og dessutan legge vekt på berekraftige matvanar og forbruk. SFO bør følge nasjonale retningslinjer for måltid.

Måltidet er ein dagleg og kvardagsnær arena som handlar om meir enn maten som blir eten. SFO bør leggje til rette for måltidsglede med gode samtaler, deltaking og oppleving av fellesskap hos barna. Personalet bør delta aktivt i måltidet. SFO skal ha gode rutinar for hygiene og avfallshandtering og bør formidle disse til barna. Vi jobber aktivt med Matjungelen som nettopp fremmer dette.

Å lage mat saman i SFO kan gi barna erfaring med korleis dei sjølv kan lage enkle og sunne måltid, og korleis dei saman med andre kan skape trivelege rammer rundt måltidet.

- *Korleis får vi til dette?*

Vi med på Matjungelen, der blir vi oppfordra til å servere sunn og berekraftig mat. Det blir mykje ny mat for enkelte barn å bli kjent med. Vi serverar varme måltid, brødmåltid, knekkebrød, pastasalat, frukt og melk på SFO. Vi legg vekt på sunne alternativ og at barna sjølv skal

være delaktige i tilberedning og opprydding av maten. Erfaring viser at nokon ikkje er så glade i å prøve nye matrettar, her prøver vi å få alle til å smake den retten som blir servert. Nokre klasser/grupper treng ekstra ro rundt måltida for å klare

å fokusere på maten. Vi legg derfor opp til at dei vaksne anten fortel ei historie, les bøker eller at barna får sjå på serie under måltidet. Vi prøvar å finne seriar/filmar som passar til temaet vi held på med.

4) Ei inkluderande skulefritidsordning

Inkluderande SFO

SFO skal aktivt bidra til å danne eit fellesskap der alle barna kan ta del og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhøyre og sosialt fellesskap med andre barn og med personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper, og i leik og tilrettelagde

aktivitetar. Personalet skal observere leiken og aktivitetane til barna, vurdere om alle barn vert gitt moglegheiter for deltaking, og med utgangspunkt i interessene til barna leggje til rette for at alle barn kan delta.

Det skal vere ein variasjon i tilbodet som tek omsyn til barnegruppa og alderen, utviklinga og interessene til barna. Barn med behov for særskild tilrettelegging skal ha eit tilbod som legg til rette for at også dei kan vere inkluderte og delta likeverdig i leik, kultur og aktivitetar. SFO skal arbeide aktivt for å fremje universell utforming, jf. likestillings- og diskrimineringslova §19, for å bidra til barna si inkludering og tilhøyre til fellesskapet.

SFO skal ivareta, anerkjenne og synleggjere mangfald og leggje til rette for at ulike språk, uttrykksformer og kulturar kan inkluderast i leik og aktivitet. I utforminga av leikemiljøet ute og inne skal SFO ta omsyn til mangfaldet i barnegruppa.

Gjennom å gje barn moglegheiter for aktiv deltaking i leik, kultur- og fritidsaktivitetar saman med andre barn kan skolefritidsordninga bidra til å jamne ut sosiale ulikskapar.

- *Korleis får vi til dette?*

På vår SFO har vi stor takhøgde for at vi alle er ulike og dette er noko vi snakkar med barna om heile tida. Vi legg til rette for at alle skal føle seg anerkjent og respektert, både blant barn

og personale. Vi har tett foreldrekontakt slik at vi lettare kan fange opp om nokon ikkje føler seg som ein del av mangfaldet. Gjennom ei veke på SFO har vi ulike aktivitetar og ulike grupper, barna vil da oppleve å kunne danne vennskap på tvers av aldersgruppe. «Grupper på tvers» Dei vaksne på SFO legg til rette for ulike leikeaktivitetar, vi rettleiar og observere barn som treng det i den sosiale leiken.

5) Samarbeid i SFO

5.1 Overordna om samarbeid

Omsynet til barna sitt beste skal liggje til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar.

SFO skal leggje til rette for god dialog og samarbeid med foreldra. SFO skal gi foreldra informasjon om tilbodet, avklare gjensidige forventningar og leggje til rette for at foreldre

kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten. Kommunen er ansvarleg for at foreldra får informasjon om kva som kan forventast av skolefritidstilbodet, og kva arenaer for samarbeid som finst. Kommunen skal og informere foreldre om moderasjonsordning som gjeld for SFO, for å bidra til at familieøkonomi ikkje hindrar barn frå å delta i SFO. Kommunen skal sørge for at SFO ved behov blir inkludert i samarbeid med relevant verksemd og tenester, som mellom anna helsestasjons- og skulehelsetenesta, fastlegen, den pedagogiske-psykologiske tenesta (PPT) og barnevernet. Kommunen skal sørge for at personalet kjenner til meldeplikta til barnevernet. SFO er i ein sentral posisjon til å kunne observere og få informasjon om barna sin omsorg- og livssituasjon. SFO skal ha eit bevisst forhold til at barna kan vere utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og skal ha kjennskap til korleis dette kan oppdagast og førebyggast.

- *Korleis får vi til dette?*

Vår SFO prøver så langt det lar seg gjere å møte føresette og barn kvar morgon, også ved henting. Da gir vi beskjedar om noko har skjedd og foreldre kan gi beskjed om det er noko dei ønsker å snakke om. Vi har tett samarbeid med kontaktlærer og helsesøster på skulen om det skulle være noko. Vi er også delaktige i forskjellige samarbeidsmøte.

5.2 Overgang barnehage – skule

SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skule og SFO saman med skulen og barnehagen, jf opplæringslova § 13-5 og barnehagelova §2a. Det er skuleeigar

som har hovudansvaret for samarbeidet.

Det er ein fordel om barnet får moglegheit til å bli kjent med det fysiske miljøet og personalet i SFO før skulestart. Særleg på 1.trinn som startar i SFO før første skuledagen sin, spelar SFO ei viktig rolle i oppstarten. SFO skal støtte barna den første tida for å bidra til at barna opplever tryggleik og tilhøyre.

- *Korleis får vi til dette?*

Vi har egne besøksdagar på sfo kvar vår for neste års 1.klassinger. Her får barna og foreldre muligheten til å hilse på/bli kjend med dei vaksne og det fysiske miljøet på SFO. Barnehagane besøker også av og til uteområdet vårt.

SFO barna synest det er bra å få besøk av venner som dei saknar frå barnehagen.

SFO- leiar er med på overføringsmøte med barnehagen og forldremøte for neste års 1.klassinger.

6 Praktisk informasjon

6a. Tilsette

Rektor	Anlaug Aase Cowles
SFO leiar	Liv Bente V.Øygarden
Baseleiar 1.klasse	Lisa Kvålen
Baseleiar 2.klasse	Heidi Lia
Baseleiar 3+4 klasse	Turid Bø

6b. Kontaktinformasjon

Adresse	Bø Skule SFO, Gamleveg 71, 3801 BØ
E-post SFO leiar	lbv@mt.kommune.no
Tlf. sfo leiar	47616552
Tlf Base 1	90243763
Tlf Base 2	90153647
Tlf Base3/4	48109687

6c. Rutinar

- Søkje/endre plass.

Søknad om opptak og endring i opphaldstid gjerast ved å nytte elektronisk skjema som ligg på Midt-Telemark kommune si heimeside.

Opptak vert i regelen gjort ein gong i året med søknadsfrist 1. april.

Det må søkast om sfo plass til kvart skuleår.

- Informasjonsutveksling SFO-heim

Er det endringar i rutineane (for eksempel når eleven skal heim/hentast) skal desse beskjedane sendas Sfo leiar eller på sms til basetelefon.

Muntleg beskjed frå barnet blir ikkje godtatt, berre etter avtale med foreldra.

- Dette treng barna på SFO

Nistepakke til morgo sfo og ettermiddag.

Nok skifteklede, nokre dagar er det behov for fleire bytte.

Innesko. I gymsalen må dei ha joggesko.

Regnklede, støvlar og elles klede etter veret.

- Priser pr 01.01.2022.

SFO tar inn opphaldsbetaling som dekker opphald. Ein velger eit tilbod MED eller UTAN Ferietilbod. I tillegg til dette kjem kostpengar. Vi legg vekt på sunt og godt kosthald, med utgangspunkt i Nasjonale Retningslinjer for mat og måltid i skulen. Vi nyttar oss også av Matjungelen.

Det er også muligheit til å søke om Redusert foreldre betaling. Søknadskjema finn ein på Midt-Telemark kommune si heimeside under fane SFO.

SFO med Ferie tilbod	Pris	SFO utan Ferie tilbod	Pris
5 dagar	3147,-	5 dagar	2684,-
4 dagar	2421,-	4 dagar	2147,-
3 dagar	1895,-	3 dagar	1611,-
Kun morgo sfo	1579,-	Kun morgon sfo	1263,-
Kjøp av dag i Ferie	463,-		
Mjølkk og Frukt kvar dag	10,-		
Varmmat	15,-		

7. Kvalitetsutvikling

SFO har felles personalmøte kvar andre månad. Vi legg vekt på fagleg innhald og kommunikasjon rundt drifta vår. Kvar base har dessutan ukentlige basemøter i skuletida.

7.1 Planarbeid/Dagsplan

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
7.00-8.15	Morgo sfo	Morgo sfo	Morgo sfo	Morgo sfo	Morgo sfo
13.15	Skule	Ettermiddag sfo ○ Opprop ○ Mat ○ aktiviteter	Skule	Skule	Ettermiddag sfo ○ Opprop ○ Mat ○ aktiviteter
14.00	Ettermiddag sfo ○ Opprop ○ Mat ○ aktiviteter		Ettermiddag sfo ○ Opprop ○ Mat ○ aktiviteter	Ettermiddag sfo ○ Opprop ○ Mat ○ aktiviteter	
16.45	Sfo stenger	Sfo stenger	Sfo stenger	Sfo stenger	Sfo stenger

7.2 Årshjul

Månad	Tema/periode	Aktivitetsforslag
August	<p>TEMA: Nye vennskap Her er vi, vennskap, respekt og toleranse</p> <p>Matjungelen: Mat i Fellesskap</p> <p>Husk: skifteklede og innesko. Regnklede treng vi å ha tilgjengeleg kvar dag.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjend på basen • Alle nye barn får bli kjend med SFO rutinar og skuleområdet • Vere ein medspelar og ikkje motspelar • Ha omtanke og empati for kvarandre. • Turar i nærmiljøet. • Frileik • Uteleik

<p>September</p> <p>Husk: Påmelding til haustferie SFO inne på IST</p>	<p>Matjungelen: Mat i sesong</p> <p>Besøksgrupper</p> <p>Liv&Røre</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Fysisk aktivitet Liv&Røre leik • Frileik • Uteleik • Besøksgrupper Bø Sjukeheim • Gymsal • Ulike formingsaktiviteter • Musikk&Bilde
<p>Oktober</p> <p>Haustrferie: 11. - 15.oktober</p>	<p>TEMA: Berekraftig mat og Haust og relasjonar</p> <p>Matjungelen: Berekraftig mat.</p> <p>Liv&Røre</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Halloween • Fysisk aktivitet i gymsalen. • Uteleik • Kunst og handverk etter tema. • Just Dance • Turar i nærmiljøet. • Frileik • Besøksgrupper Bø Sjukeheim • Musikk&Bilde
<p>November</p>	<p>TEMA: Frå fjord til bord</p> <p>Matjungel</p> <p>Liv&Røre</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Gymsal • Just Dance • Brettspill på basen • Besøke biblioteket • Kunst og handverk • Besøksgrupper Bø Sjukeheim • Frileik • Musikk&Bilde
<p>Desember</p> <p>Siste skuledag 17.desember</p> <p>SFO er stengt i romjula</p>	<p>TEMA: Advent og jul</p> <p>Matjungelen: Tradisjonsmat</p> <p>Liv&Røre</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Adventstid • Kalenderbarn • Julegraut • Juleverkstad • Nissefest. • Just Dance • Gymsal • Frileik • Bålmat ute • Musikk&Bilde

<p>Januar</p> <p>Første skuledag 3.januar</p>	<p>TEMA: Bra for kroppen</p> <p>Matjungel</p> <p>Liv&Røre</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Gymsal • Snøleik og aking • Kreative hender • Besøke biblioteket • Frileik • Ha med dag • Kokkegrupper • Musikk&Bilde
<p>Februar</p> <p>Ferie SFO i vinterferien 21.-25.februar. Husk: egen påmelding</p>	<p>TEMA: Sansene våre</p> <p>Matjungel</p> <p>Liv&Røre</p> <p>Ferie Sfo i vinterferien, egen aktivitesplan</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Formingsgrupper • Gymsal • Ha med dag • Vi lager masker til karneval • Bingo • Snøleik • Fysisk aktivitet med studenter • Frileik • Musikk&Bilde
<p>Mars</p>	<p>TEMA: Påske og vår</p> <p>Matjungelen</p> <p>Liv&Røre</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi lager påskepynt • Frileik • Grupper på tvers av baser • Just Dance • Matgrupper ,vi lager Musli • Bingo • Musikk&Bilde
<p>April</p> <p>Påskeferie 11- 18 april</p>	<p>TEMA: Påske og vår</p> <p>Matjungelen: Frå jord til bord</p> <p>Liv&Røre</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Gymsal • Fysisk aktivitet med studenter • Frileik • Ulike stasjoner inne/ute • Just Dance • Ha med dag • Kreative hender • Grupper på tvers • Bålmat

<p>Mai</p> <p>Sfo stengt 17 mai 26+27.mai</p>	<p>TEMA:</p> <p>Matjungelen</p> <p>Liv&Røre</p>	
<p>Juni</p> <p>Siste skuledag 17.juni</p> <p>Ferie SFO 20.-30.juni Egen påmelding og aktivitesplan</p>	<p>Tema:</p> <p>Matjungelen</p> <p>Liv&Røre</p>	